

rockweekend 07

Rocka i bremangers



Unge rockarar, sol frå klår himmel, TNT, Robert Post, Orbo & The Longshots og Green Granads skapte rockeglede i Bremanger i helga.



Håvar Fagerli

Kvart år inviterer Bremanger Rockklubb born til å vere med å halde konsert under familiearrangementet på festivalen. Klokka elleve møtte 30 ferske rockarar mellom fire og tolv år opp til øving.

Og berre timen etterpå var dei utlært og klare til barnejam.

– Dei var skikkeleg flinke, og tok både songen og rørslene med ein gong, seier Ingeborg Nebelung, som var ein instruktørane.


Med fullt band i ryggen og tøff koreografi, framførte dei 30 borna låtar av artistar som har besøkt Rockweekend tidlegare år.

Festivalsjef June Førde seier at ho er veldig godt fornøgd over besøket på familiearrangementet laurdag.

– Det høge besøksstalet skuldast mykje den gode konferansieren, Laila Beathe Førde, seier June Førde.

Det var ei fin atmosfære gjennom heile familiearrangementet der mange lokale musikkrefter stilte opp. Eit av høgdepunkta var då trioan Elise Førde, Randi Stoveland og Laila Beathe Førde trylla fram ei sommarleg stemning med tonar frå tre saksofonar.

Unge rockarar: 30 born song slagarar frå artistar som har besøkt festivalen gjennom dei 20 siste åra.



Varpe's: Oddmar Varpe (t.v.) stilte med familie band under opninga av Rockweekend 2007, her saman med den yngste sonen Jørgen. (Foto: Åge Senneset)

Lokale rockarar

Årets jam må vere ein av tidenes beste. Lokale musikarar, med eit solid husband i ryggen, gav publikum ei solid opning av rockhelga.

Åge Senneset

aage.senneset@fjt.no
telefon 958 94 334

For Bremanger Rockklubb, publikum og artistar vart det ein god start på den 20. rockhelga i Bremanger. Nesten 200 løyste billett og det er arrangøren godt nøgd med.

– Vi har over 170 menneske inne og endå sig det på med folk. Dette var ein god start, meinte festivalsjef June Førde, rundt midnatt natt til fredag.

Opning av Rockweekend med